

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 31.05.2010
Sakhandsamar: **Ingrid Dirdal**
Saka gjeld: **Tertialvis rapportering på krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokumentet. 1. tertial 2010.**

Arkivsak

2009/197/

Styresak 074/10 B

Styremøte 22.06. 2010

Forslag til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift.

Fakta

Helse Vest RHF får sitt oppdrag av Helse- og omsorgsdepartementet i eit årleg oppdragsdokument. I oppdragsdokumentet vert dei midla som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for inneverande år stilte til disposisjon. Gjennom dokumentet får Helse Vest RHF i oppdrag å utføre pålagde oppgåver og å realisere dei styringskrava som er gitt innanfor mål, rammer og ressursar som vert stilte til disposisjon.

I tillegg til oppdragsdokumentet blir det kvart år i januar gjennomført eit føretaksmøte jf. Lov om helseføretak, der Helse- og omsorgsdepartementet slår fast styrings- og prestasjonskrav på økonomi og organisasjonsområdet. Føretaksprotokollen gir såleis presiseringar på ytterlegare styringsbodskap i tillegg til det som er beskrive i oppdragsdokumentet.

Styret har bede om at det tertialvis rapporterast på dei krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen.

Kommentar

Administrerande direktør legg med denne saka fram ei oversikt som viser status på krava i oppdragsdokumentet og føretaksprotokollen. Oversikten er framstilt tilsvarende som i 2009. Status blir vist med fargekodar og prosentvis framdrift på følgjande måte:

- o Raud: Ikkje påbegynt, ikkje gjort/oppnådd. Ein kan oppnå raudt dersom ein ikkje startar tidsnok til å få levert.
- o Svart: I prosess. Prosentvis levering vert oppgitt med tal. Dette talet kan ved seinare rapportering bli justert.
- o Grøn: Kravet er oppfylt. Når krava gjeld kontinuerlege prosessar får desse grøn vurdering når drifta er à jour.

Vedlegg

Oversikt: Matriser for tertialvis rapportering til styret på krav i protokoll og oppdragsdokumentet per 1. tertial 2010